

Søkjarar til folkemusikk – og folkedansstipend 2016.

Satsinga skal oppmuntre til **kunstnarleg utvikling og å styrke og sikre arbeid med immateriell kulturarv**.

Rådet for hardingfela.no innstiller søkerar på grunnlag av **ei skjønsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet**.

Ei kort oppsummering:

Søkjarar til stipend på kr. 50 000 (1 stipend skal delast ut):

11 Søkjarar. Fordelt på utøvarar på hardingfele (5 stk), dans (2 stk), felemaking (1 stk), durspel (1 stk), accordion (1 stk) og sekkepipe (1 stk). 7 kvinner og 4 menn har søkt. 8 av 11 søkerar har tilknyting til Hardanger/Voss.

Søkjarar til stipend på kr. 25 000 (2 stipend skal delast ut til utøvarar under 30 år):

8 søkerar. Fordelt på hardingfele (3 stk), dans (1 stk), fele (1 stk) durspel (1 stk), song (1 stk) og sekkepipe (1 stk). 5 kvinner og 3 menn har søkt. Søkjarar i hovudsak frå Bergen og Hardanger.

Søknadar stipend kr. 50 000	Alder	Frå	Instrument/ dans	Prosjekt	Kommentar/oppsummering
Alexander Aga Røynstrand	1990	Granvin	Hardingfele	Prosjekt med utg.pkt i Nils Tjoflot. Innsamling, cd, formidling via teater/skulekonsertar	Grundig og god prosjektskisse frå ein av våre beste unge hardingfeleutøvarar som syner korleis han vil ta eit djupdykk i historikken kring Nils Tjoflot. Eit stort arbeid som inneheld både arkivarbeid, cd-prosjekt og formidling til born og vaksne.
Anette Thorsheim	1980	Radøy/Masfjorden	Durspel	Innstudering av repertoar før innspeling av plate med slåttemateriale frå Nordhordaland	Anette Thorsheim har vore og er ei føregangskvinne i høve til å spela slåttespel frå Hordaland på toradar. Ho har jobba mykje med dette dei siste åra og ynskjer no å jobba med ei soloutgjeving med slåttar frå Nordhordaland.
Anne-Marie G Øydvin	1959	Ulvik	Dans	Utvikling og gjennomføring av eit undervisningsopplegg kring tradisjonen med Jonsokbrydlaup mynta for 1.-4.klasse	Eit viktig prosjekt for å auka kunnskap om dansetradisjonane våre og kunnskapen kring Jonsokbrydlaup. Anne-Marie Øydvin har undervist i folkeleg dans for born og unge i ei årrekker. I hovudsak i Ulvik.

Arngunn Timenes Bell	1982	Bell/Strandebarm	Hardingfele	Skattejakt og fordjuping i slåttemusikken frå Ytre Hardanger.	Arngunn Timene Bell er ein solid hardingfelespelar som har vaks opp i Sunnfjordtradisjonen. No har ho flytta til Strandebarm og ynskjer å læra meir om slåttemusikken i sitt nye heimområde. Ho har undervist i kulturskulen (permisjon) og har ein del formidlingsoppdrag i området.
Benedicte Maurseth	1983	Eidfjord/Bergen	Hardingfele	Arbeide med sakprosa om kvinnelege felespelarar og arbeide ferdig cd og video for ECM records	Benedicte Maurseth er ein allsidig utøvar som jobbar både som forfattar, komponist og utøvar. No jobbar ho med bok i oppdrag frå Samlaget som tek føre seg kvinnelege felespelarar frå 1700-talet og fram til i dag. Ei unik bok i sitt slag. Attåt ynskjer ho å bruka eit evt. stipend til soloutgjeving og dokumentasjonsfilm.
Christine Huseby	1971	Fjell	Dans	Setta seg inn i Sotramateriale i Arne Bjørndals samlingar	Christine Huseby har bakgrunn i frå felespel, dans, muniharpe og folkesong og ynskjer å bruka tid på å setje seg inn i folkemusikk – og folkedansmateriale frå Sotra i Arne Bjørndals Samlingar.
Irene Tillung	1977	Voss	Accordion	Fordjuping, utvikling og etablering av nye prosjekt	Irene Tillung er ein av dei mest kjende og nytta accorionistar innan folkemusikken i dag. Ho ynskjer å utvikla eit prosjekt saman med andre musikarar og komponistar der dei saman skapar nye verk basert på tradisjonsmusikken og arkivopptak.
Knut Hamre	1952	Granvin	Hardingfele	<ol style="list-style-type: none"> 1. Få oversikt over all slåttemusikken i Hardanger 2. Spele inn alle slåttar frå Granvin 3. Undervisningsdvd 	Knut Hamre skisserar her tre store prosjekt som han ynskjer å jobba med framover. Han har vore den viktigaste pedagogen på hardingfele i Hardanger i mange tiår, og er framleis sær aktiv. Dokumentasjonsarbeidet hans vil vera verdfullt for mange, og ein undervisningsdvd vil vera nyttig for utøvarar

					langt ut over Hardanger sine grenser.
Thomas De Ridder	1986	Belgia/Bergen	Sekkepipe	Forjuping i solo sekkepipespel i Skottland og få grundigare samspelferdigheter	Thomas De Ridder har skrive ei grundig skisse på korleis han ynskjer å verta ein betre både solo sekkepipespelar og ein endå betre samspelar for å kunne bidra endå meir i sekkepipemiljøet i Bergen
Torkjell Lunde Børsheim	1984	Ulvik	Dans	<ol style="list-style-type: none"> 1. Nå ut til fleire vaksne og unge med tradisjonsdansen 2. Verta ein betre utøvar gjennom møte med meistrar 3. Få kjennskap til og dokumentera tradisjonsdans 	Torkjell Lunde Børsheim er ein av dei aller beste folkedansarane i landet og ein framifrå pedagog. Han ynskjer å verta ein betre dansar gjennom å oppsøkja andre gode dansarar kring i landet. Samstundes ynskjer han å besøkja den gamle stordansaren Sjur Varberg i Eidfjord for å gjera eit dokumentasjonsprosjekt og læra av han.
Wiebke Lüders	1979	Tyskland/Voss	Felemaking	Læra seg meir om byggjing av hardingfeler og ha ein ny og kreativ innfallsvinkel til byggjing av hardingfeler	Wiebke Lüders er ein særskilt dyktig instrumentkonservator som no lærer seg å byggje hardingfeler på Ole Bull Akademiet. Ho ynskjer å bruka tid på å setje seg meir inn i historikken til bygginga av hardingfeler samstundes som ho vil bruka tid på eksperimentera med material, teknikk og former for å utvikla sin eigen stil som felemakar.

Søknadar stipend kr. 25 000 (to stk)	Alder	Frå	Instrument/dans	Prosjekt	Kommentar
Alexander Aga Røynstrand	1990	Granvin	Hardingfele	Prosjekt med utg.pkt i Nils Tjoflot. Innsamling, cd, formidling via teater/skulekonsertar	Grundig og god prosjektskisse frå ein av våre beste unge hardingfeleutøvarar som syner korleis han vil ta eit djupdykk i historikken kring Nils Tjoflot. Et stort arbeid som inneheld både arkivarbeid, cd-prosjekt og formidling til born og vaksne.

Borghild Marie Opdahl				Utvikla seg som dansar og instruktør gjennom å få større kunnskap til tradisjonen	Borghild Marie Opdahl er ein dyktig dansar og instruktør som ynskjer å fordjupa seg spesielt i dansetypane polka med støyt og vestlandsspringar. Dette skal ho gjera gjennom å sjå på opptak, treffe kjelder og oppleva ulike dansegolv.
Johanne Løkensgard Mjøs	1987	Bergen	Dans		Johanne Løkensgard Mjøs er ein dyktig utøvar på både hardingfele og vanleg fele. Ho har Nord-Norge som tradisjonsområde på vanleg fele. Ho ynskjer å tilbringa tid i området, besøkje arkiv, spelemenn, spelemannslag og andre ressurspersonar for å auka kunnskapen sin.
	1990	Bergen	Fele	Fordjupningsopphald med base i Tromsø og Lofoten.	
Kristoffer Kleiveland	1990	Osterøy	Durspel	Dokumentering og utøving av tradisjonelt materiale på einradar på vestlandet.	Kristoffer Kleiveland er ein av dei aller beste durspelarane i landet. Han ynskjer å sjå nærmere på den nesten gløymde einradartradisjonen på vestlandet for å få ei endå større forståing for folkemusikken på vestlandet og sjå kva musikk som vart nytta til ulike høve.
Maria Skjeldrum Toppe	1992	Bergen	Hardingfele	Tileigne seg, ta i bruk og formidla slåttemateriale frå Bergensområdet.	Maria Skjeldrum Toppe er ei allsidig og god hardingfelespelar som no ynskjer å ta eit djupdykk i slåttematerialet frå heimområdet sitt, læra dei og formidla dei vidare på konserter, kurs m.m. Djupdykket vil ho gjera ved å oppsøkje kjelder og arkiv.
Marta Lindvik	1996	Ulvik	Hardingfele	Fordjupa seg i hardingfelespel	Marta Lindvik er ein av dei beste yngre hardingfeleutøvarane frå Hardanger i dag. Ho ynskjer å bruka eit evt. stipend til å ta speletimar og gå på Master Class Hardanger.
Thomas De Ridder	1986	Bergen/Belgia	Sekkepipe	Forjuping i solo sekkepipespel i Skottland og få grundigare samspelferdigheter	Thomas De Ridder har skrive ei grundig skisse på korleis han ynskjer å verta ein betre både solo sekkepipespelar og ein endå betre samspelar for å kunne bidra endå meir i

Åshild Ljones					sekkepipemiljøet i Bergen
Åshild Ljones	1996	Ulvik	Song	Finansiering av songopplæring	Åshild Ljones er ein god utøvar av tradisjonell vokal folkemusikk. Ho ynskjer å verta endå betre og vil bruka eit evt. stipend til å ta songtimar med ulike lærarar.